



Roald Inge Olsvold
Olsvold
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7063 - 20/17869

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:
02.04.2020

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 474/10 Olsvoll

Administrativt vedtak. Saknr: 384/20

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.05.2025 for gnr 474/10, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket Roald Inge Olsvold har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 474/10. Drifta er 31 vinterfora sauer. Føretaket har 32 daa innmarksbeite, 24 daa overflatedyrka og 1 daa fulldyrka mark og Føretaket brukar ikkje kunstgjødsel. Driftsformen er utgangardrift . Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Sauene går ute hele året. Det vert ikkje nytta gjødsel på brukek.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/7063»

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roald Inge Olsvold

Olsvold

5938

SÆBØVÅGEN